

## Arbeidsinstruks for hyrderådet i Vigra Indremisjon.

Hyrderådet er vald av årsmøtet og rapporterer til dei i form av ei årsmelding på kvart ordinære årsmøte. Hyrderådet er pålagt å føre ein tett dialog med styret og samarbeide tett med dei om drift og planlegging av aktivitetane i Vigra Indremisjon. Hyrderådet har det overordna ansvaret for teologiske og læremessige spørsmål i organisasjonen, og skal arbeide for å fremje ei sunn og god åndeleg utvikling i forsamlinga. Eit åndeleg leiarskap er førebilete i liv og lære, og det kvilar difor eit ekstra ansvar på medlemmane i hyrderådet at ein sjølv lever i lyset med livet sitt, og at ein lever i Guds nærleik med ei lyttande innstilling. Hyrderådet skal ved behov søkje tilsyn og råd hos ?? (ein eller fleire konkrete personar som forsamlinga har tillit til).

Hyrderådet har i særleg grad desse oppgåvene med tanke på å utruste menneske i forsamlinga:

- Vere gode førebilete i liv og lære.
- Ha eit tenande sinn.
- Ha tilsyn med forsamlinga.
- Rettleie om den sunne læra og det sunne livet.
- Verne mot falsk lære og vranget liv.
- Ha omsorg for den enkelte medlem sitt gudsliv.
- Elske fram nådegåver i forsamlinga.
- Leie dåps - og nattverdssamlingar.
- Leie organisert forbønn og salving for sjuke.
- Leie forbønns handling ved innsetjing av dei ulike leiarane.
- Sjå, oppmuntre og nøre leiarar på alle nivå til arbeid og teneste.

Hyrderådet har ansvaret for å identifisere behov og legge opp planar for tema og fokusområde i forkynninga, samt å følgje med at arbeidet og forkynninga er i samsvar med grunnlaget og visjonen til Vigra Indremisjon.

Vigra Indremisjon skal ha følgjande fokusområde i sitt arbeid:

1. Utrustande leiarskap – fokus på å utruste nye leiarar. Oppmode til opplæring og utdanning.
2. Nådegåvebasert teneste – rett person på rett plass, i alle ledd.
3. Engasjert trusliv – fokus på disippelgjerding.
4. Funksjonelle strukturar – relevante og tidsrette.
5. Inspirerande gudstenester – relevante og engasjerande fellesskap.
6. Livsnære grupper – ein arena for åndeleg og sosial utvikling.
7. Evangelisering – hjelpe menneske til å bli kjent med Jesus.
8. Diakoni – elske vår neste som oss sjølv.
9. Varme relasjonar og omsorg – innan forsamlinga, og ut mot andre menneske.